

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Ålesund -
Dato: 19.05.2025
Tidspunkt: 10.00 - 15.00

Til stades:

Namn

- | | |
|---------------------------------|---|
| 1. Paula Næss Skår | Leiar i brukarutvalet HMR |
| 2. Janne Remøy Endresen | Nestleiar (deltok via teams) |
| 3. Atle Tangen | Medlem |
| 4. Kai Knutsen | Medlem |
| 5. Bjørn Aske | Medlem |
| 6. Per Øvermo | Medlem (deltok via teams) |
| 7. Brit Harsem | Medlem |
| 8. Evy Svansemli | Medlem |
| 9. Oddrun Annie Stensø Nasvik | Medlem |
| 10. Lasse Alexander Honningsvåg | Medlem (deltok via teams frå kl. 12:00) |

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Fiskerstrand	Sekretær

Merknad i møte:

Pasient- og Brukarombod Hanne Stenseth-Haavde deltok via teams
Per Øvermo bad om val ein ny brukarrepresentant til styremøtet 18. juni på Hjelset. Evy Svanemli stiller saman med leiar Paula Næss Skår.

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
34/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
35/25	Orientering frå administrerande direktør
36/25	Styresak - Statusrapport mars og april 2025
37/25	Status Ventetider i Helse Møre og Romsdal per mai 2025
38/25	Status Helseplattformen – HelsaMI
39/25	Bruk av kunstig intelligens som eit verktøy i kvalitetsforbetringa
40/25	Rehabiliteringstilbodet i Helse Møre og Romsdal
41/25	Informasjon om Barneblikk Helse Møre og Romsdal
42/25	Referatsaker
43/25	Deltaking i råd og utval – munnleg gjennomgang
44/25	Oppnemning til råd og utval
45/25	Eventuelt

34/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 34/2025 i møte den 19.05.2025

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

35/25 Orientering frå administrerande direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 35/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

Administrerande direktør Olav Lødemel gav brukarutvalet ei kort orientering om ventetidsløftet og den økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal. Brukarane hadde på førehand lese styresakene til styremøtet 21.05.25, og fekk høve til å stille spørsmål.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå administrerande direktør til vitende.

Brukarutvalet har forståing for at det er naudsynt med omfattande endringar på grunn av den vanskelege økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal. Brukarutvalet er oppteken av at tiltaka som blir gjennomførte, ikkje skal gå utover forsvarlegheita og kvaliteten i pasienttilbodet.

36/25 Styresak - Statusrapport mars og april 2025

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 36/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

Økonomidirektør Randi Myhre la fram ei kort oppsummering av statusrapportene for mars og april 2025.

Helse Møre og Romsdal manglar framleis tiltak for 153 millionar kroner for å nå budsjett for 2025.

Yttarlegare tiltak skal leggjast fram i styremøte 18. juni 2025.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek gjennomgang av statusrapport mars og april 2025 til vitende.

37/25 Status Ventetider i Helse Møre og Romsdal per mai 2025

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 37/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

Brukarutvalet fekk ei oppdatering på ventetider frå fagdirektør Erik Ganesh Sjøgaard.

Talet på ventande pasientar har gått ned frå 20 000 til 12 000. Dette er eit resultat av ein grundig og omfattande gjennomgang og rydding i ventelistene, kombinert med stor innsats i behandling av pasientar.

Fagdirektøren presenterte òg prosjektet KLOKE VAL, som Helse Møre og Romsdal no skal ta del i.

«Gjer kloke val» er ein internasjonal kvalitetskampanje som opphavleg vart etablert i USA i 2012. Målet er å redusere unødvendige undersøkingar og behandlingar som pasientar ikkje har nytte av – og som i verste fall kan vere skadelege. Sjukehuset i Vestfold har allereie teke i bruk kampanjen og rapporterer om gode resultat.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek status Ventetider per mars 2025 i Helse Møre og Romsdal til vitende.

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal ønskjer å få meir informasjon om – og å bli involvert i – prosjektet «Kloke val».

38/25 Status Helseplattformen – HelsaMI

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 38/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

Fagrådgevar Christer Andre Jensen orienterte brukarutvalet om automatisk deling av journalnotat i HelsaMI. Det er eit lovkrav at pasientar skal få innsyn i eigen journal.

Slik fungerer automatisk deling:

- Journalnotatet blir delt i HelsaMI når det blir signert
- Pasienten får ikkje varsel når notatet er delt, og må sjølv logge inn og søkje det opp i HelsaMI

Nåsituasjonen:

Innbyggjarane har i dag tilgang til to digitale løysingar – Helse Norge og HelsaMi – som har delvis overlappande og delvis utfyllande innhald og tenester.

Det blir no arbeid med å utvikle varslingsfunksjonar for å gjere løysinga meir brukarvennleg for pasientane.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek status HelsaMI til vitende.

39/25 Bruk av kunstig intelligens som eit verktøy i kvalitetsforbetringa

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 39/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

Orientering om invitasjonsprosjektet – bruk av kunstig intelligens i kvalitetsforbetring

Overlege i medisinsk mikrobiologi, Einar Nilsen, presenterte eit pågåande pilotprosjekt der kunstig intelligens – i form av språkmodellar – blir nytta som verktøy for å analysere pasientforløp og behandlingsresultat.

Målet med prosjektet er å effektivisere gjennomgangen av pasientjournalar, som i dag er svært tidkrevjande. Journalane vil bli anonymiserte og lagra i ein lukka forskingsdatabase med høgt tryggleiksnivå. Resultata frå språkmodellen skal samanliknast med manuell gjennomgang for å vurdere presisjon og nytteverdi.

Helse Møre og Romsdal sin brukarrepresentant i prosjektet er Oddrun Stensø Nasvik.

Einar Nilsen uttrykte ønskje om å kome tilbake til brukarutvalet i desember for å gi ei oppdatert orientering om prosjektet.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om kunstig intelligens som verktøy i kvalitetsforbetringa til vitende.

40/25 Rehabiliteringstilbodet i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 40/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

Brukarutvalet bad om ei orientering om rehabiliteringstilbodet i Helse Møre og Romsdal, etter ei førespurnad frå styret i Landsforeininga for amputerte i Møre og Romsdal.

Eldrid Husvåg, spesialistfysioterapeut ved Fysikalsk medisin og rehabilitering ved Ålesund sjukehus, heldt eit kort innlegg om oppfølginga av pasientar med protese.

Brukarutvalet vil gi ei tilbakemelding til Landsforeininga for amputerte, der dei viser til dagens presentasjon og legg ved kontaktinformasjon til klinikksjef for Kreftbehandling og rehabilitering for eventuelle vidare spørsmål..

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orientering om rehabiliteringstilbodet til vitende.

41/25 Informasjon om Barneblikk Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 41/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

Rådgevar Anne Grete Johansen gav brukarane ei orientering om Barneblikk i Helse Møre og Romsdal.

I 2014 fekk alle helseføretak i oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å styrkje oppfølgingstilbodet til gravide og småbarnsfamiliar med utfordringar knytt til psykisk helse eller rusmiddelbruk.

Barneblikk er Helse Møre og Romsdal HF si satsing på eit slikt tilbod, utvikla i tett samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Eit innspel om framtida for Barneblikk, frå ein representant i styringsgruppa, vart lagt fram for brukarutvalet.

Brukarutvalet takkar for ein god og informativ presentasjon.

Vedtak

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om Barneblikk til vitande.

Brukarutvalet stiller seg bak innspelet og uttalen frå brukarrepresentant Ann Helene Skare, og oversender dette til Klinikk for psykisk helse og rus for vidare oppfølging.

42/25 Referatsaker

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 42/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal har gjort seg kjend med følgjande referat:

11. Nettverkssamling 28.04.25 - Notat
12. Nettverkssamling 28.04.25 - Velkommen til HNT
13. Nettverkssamling 28.04.25 - Presentasjon fra Sykehusapotekene
14. Nettverkssamling 28.04.25 - Deling av notater fra HP gjennom HelsaMi
15. Nettverkssamling 28.04.25 - Sak 28-25 IT styringsstruktur
16. Nettverkssamling 28.04.25 - Brev fastlege og legevaktløsningen i HP
17. Nettverkssamling 28.04.25 - Brev utføre og honorar
18. Henvendelse fra foreningen for human ruspolitikk til BU - 23.04.25
19. Protokoll RBU - 23.04.25
20. Svar fra HOD - Brev fra fra BU HMN RHF - fastlege- og legevaktløsningen i HP
21. Referat fra møte i ungdomsrådet 5-2025. April 2025

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende

43/25 Deltaking i råd og utval – munnleg gjennomgang

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 43/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

1	Paula Næss Skår	• 07.04.2025 - Bu-møte • 09.04.2025 - Styremøte i HMR • 25.04.2025 - Møte i ref. gruppe Ph-D-prosjekt • 28.04.2025 - Fellesmøte BU-ene i Helse Midt-Norge • 06.05.2025 - Arbeidsmøte til BU-møte i mai
---	-----------------	--

		• 06.05.2025 - Møte i Kvalitets- og pas. sikkerhetsutv. • 07.05.2025 - Partnerskapsmøte - Helsefellesskapet • 14.05.2025 - Felles styrersamling i HMN
2	Janne Remøy Endresen	• 07.04.2025 - BU HMR Fysisk • 10.04.2025 - Helsepedagogikk - planlegging med ungdomsråd og brukerutvalg • 11.04.2025 - AIO Teams • 11.05.2025 - FSU Svangerskap, fødsel og barsel Teams • 15.04.2005 - Prosjekt eTEP, Volda Fysisk • 23.04.2025 - KEK, Ålesund Teams • 28.04.2025 - Nettverkssamling BU'ene i HMN Teams • 29.04.2029 - Arbeidsgr. Dagenhet Ålesund Sykehus Teams • 29.05.2025 - Behovsstyrt oppfølging Hud Teams (avsluttet vår 2025) • 06.05.2025 - AU BU HMR Teams • 06.05.2025 - KPU Teams • 13.05.2025 - FSU Svangerskap, fødsel og barsel - gruppemøte q Teams • 13.05.2025 - FSU Svangerskap, fødsel og barsel Teams • 14.05.2025 - PSHT Volda Teams • 16.05.2025 - Fellesmøte alle FSU Teams
3	Per Sigbjørn Øvermo	• 07.04.2025 - Brukerutvalget HMR • 10.04.2025 - Kvalitetsråd klinikk SNR • 12.05.2025 - Brukerutvalget Luftambulansetjenesten HF
4	Atle Tangen	• 10.04.2025 - Prehospitale • 23.04.2025 – KEK i Ålesund
5	Evy Svanemsli	• 08.05.2025 – Sykehusapotekene i Midt-Norge
6	Bjørn Aske	• 13.05.2025 - Kurs Kreft - Trondheim • 14.05.2025 - Kurs Kreft - Trondheim • 14.05.2025 - Kurs Prostata – Molde • 16.05.2025 - Faglig samarbeidsutvalg i helsefellesskap i M&R

Vedtak: Ingen vedtak

44/25 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 44/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

1. Brukarmedverknad i ortopedisk forskingsgruppe (smertelindring etter kneoperasjon) – prosjekt (Kontaktperson: Tommy Frøseth Aae): **Ann Helene Skare vil bli forespurt.**
2. Det regionale helseføretaket (RHF) ber om forslag på to representantar frå eigen region (på RHF- eller HF-nivå). Éin brukarmedverkar og éin ungdomsrepresentant frå kvar region skal delta i ei arbeidsgruppe som skal sjå på innspel og arbeide med retningslinjer for ungdomsråd. (Kontaktperson: Toril Grøtte): **Brukarrepresentant Lasse Honningsvåg**
3. Tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er i gang med å utvikle eit nytt tilbod for unge – Ung TSB – i samarbeid med fleire aktørar. I den samanhengen ønskjer vi å involvere representantar frå brukarutvalet. Deter framleis tidleg i prosessen, men vil gjerne kalle inn til eit møte så snart alle aktuelle representantar er kontakta. (Kontaktperson: Trude Kristin Haugen): **Brukarrepresentant Kai Knutsen**
4. Forskingsprosjekt som har fokus på pasientar som har gjennomgått akutt keisarsnitt. Eg sender derfor denne førespurnaden for å høyre om du kjenner til brukarrepresentantar som kan passe til denne målgruppa, eller om du har råd om korleis eg kan rekruttere brukarrepresentantar til prosjektet på andre måtar. (Kontaktperson: Ingvild Victoria Hauståker Fiskerstrand): **Brukarutvalet i HMR har ingen representantar til dette. Førespørsel vil bli sendt vidare til klinikkjef for Ålesund Sjukehus.**

Vedtak

Valde representantar er lista opp ovanfor.

45/25 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 45/2025 i møte den 19.05.2025

Behandling

Innspill til Oppdragsdokumentet 2026. Frist 14. August. Vil bli tatt opp att i brukarutvalsmøtet i juni.

Førespurnaden: «*Invitasjon fra Aida, organisasjonssekretær i Foreningen for human ruspolitikk (FHR), avdeling Vest. Vi er en brukerorganisasjon på rusfeltet som tilbyr brukermedvirkning på individ-, system- og politisk nivå. Unikt for oss er at vi representerer brukere som er i aktiv rus. Brukere som av ulike grunner ofte ikke får medvirket på lik linje med andre grupper, men som er en gruppe som har behov for hjelp fra både spesialisthelsetjenesten og de kommunale helse og- omsorgstjenestene. Foreningen har et regionslag i Vest, med varamedlem i Ålesund, og hovedkontor i Oslo. Vi ønsker gjerne å bidra med vår kompetanse i deres brukerutvalg. Ta også gjerne kontakt om det er andre oppgaver dere tenker vi kan bidra med innenfor medvirkning på rusfeltet. <https://humanruspolitikk.no/>.*

Førespurnaden kan vere eit aktuelt tema for seminaret hausten 2025. Kan dette òg vere eit aktuelt tema i samarbeid med Foreininga for migreneramma? Invitasjonen skal følgjast opp og svarast ut.

Vedtak: Ingen vedtak